



Gruppa som arbeider med grusbana og kva den skal nyttast til er aktiv og no inviterer dei til eit møte på Gamlaskulen onsdag 22. januar klokka 19. Det er for dei unge - mellom 10 og 20 år - og gruppa vil veta kva denne aldersgruppa ynskjer at bana skal nyttast til.

Sjumannsgruppa vil presentera prosessen som no er igang og som skal føre til den endelege planen for bana.

Bjørn Olav Tveit, som leiar gruppa, opplysar at innspela som kjem fram på møtet vil verta tekne med vidare og presentert på det neste folkemøte om saka. Det skal haldast i starten på februar.

Planane skal endeleg vedtakast på årsmøtet til idrettslaget i mars. Kunstgrasbane er det fyrste prosjektet som har vorte lansert i samband med den påtenkte opprusting av bana, men det er også mange andre idear som svirrar i lufta. No tek jobben til med å lansera og landa dei....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen